



Relevante kommunar



Vår ref.: 2018/12528-74

Dykkar ref.:

Bergen, 13.06.2019

Innføring av pilot for fakturering av KV-skyss drosje for skoleåret 19/20

Skyss organiserer i dag skoleskyss på bakgrunn av kommunalt vedtak for ei rekkje kommunar. For skoleskyss med drosje på grunnlag av kommunalt vedtak betalar kommunane den faktiske reisekostnaden for elevane.

Skyss vil frå kommande skoleår 19/20 gjennomføre ein pilot for ny faktureringsmodell for KV-skyss med drosje. I modellen vil det bli nytta fast takst per tur og fast faktureringsperiode basert på tal turar per veke (eitt skoleår har 38 veker).

Føremålet med modellen er å auke føreseielegheita for kommunane som fattar kommunalt vedtak, samt forenkla berekningsmodellen som drosjeoperatørane og Skyss nyttar for å rekne ut kommunen sine kostnader.

Ved å gjennomføre dette som ein pilot for skoleåret 19/20 vil vi hente inn erfaringar på korleis fast takst på KV-skyss med drosje fungerer. Takstane for skoleåret 19/20 er rekna ut med utgangspunkt i drosjeprisane for tidlegare skoleår.

Etter at piloten er gjennomført for kommande skoleår vil Skyss gjere ei evaluering, som skal danne grunnlag for om modellen vidareførast som fast faktureringsmodell. Dersom dette skjer ser Skyss føre seg at takstane vil justerast årleg i forkant av skoleåra.

Takstar for KV-skyss med drosje skoleåret 19/20 er satt til:

Turer 0 – 8 km = 95 kr. per tur.

Turer over 8 km = 115 kr. per tur.

Faktureringsperiode

1-2 turar per veke fakturerast som 2 turar per veke (76 turar i året)

3-6 turar per veke fakturerast som 5 turar per veke (190 turar i året)

7-10 turar per veke fakturerast som 10 turar per veke (380 turar i året)

**Døme:**

Elev som reiser under 8 kilometer, 2 turar per veke:

*95 kr. * 76 turar = 7 229 kr per skoleår.*

Elev som reiser under 8 kilometer, 10 turar per veke:

*95 kr. * 380 turar = 36 100 kr. per skoleår.*

Elev som reiser over 8 kilometer, 4 turar per veke:

*115 kr. * 190 turar = 21 850 kr. per skoleår.*

Vi gjer merksam på at ny faktureringsmodell berre gjeld KV-skyss utført med drosje. Dersom/når eleven reiser med buss vil kommunen fakturerast på vanleg måte med persontakst buss (19 kr).

Dersom det er kommunar som ikkje ønskjer å vere del av pilotprosjektet med ny faktureringsmodell, men heller organisere skoleskyss på kommunalt vedtak sjølve, ber vi om å få ei rask tilbakemelding på dette, seinast innan **fredag 5. juli**. Vi ønskjer også ei rask tilbakemelding dersom kommunen som følgjer av pilotprosjektet ønskjer å gjere endringar i det innmeldte behovet for KV-skyss.

Dersom det er spørsmål knytt til dette må de gjerne ta kontakt på skoleskyss@skyss.no.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
Direktør

Stine Karoline Olsen
Leiar skoleskyss

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.